



Hyllestad – Askvoll – Fjaler – Solund – Gulen

Mottatt HV RHF

Helse Vest RHF
Postboks 303 Forus
4066 Stavanger

Dale 26.06.07

27 JUN 2007

Helse 2020 – Høyringsuttale


HAFS regionråd viser til høyringsdokumentet Helse 2020. Dokumentet gjev ei grei skildring av drivkrefte og utviklingstrekk som vil påverke og forme den framtidige helsetenesta.

For kommunane er det særleg viktig at følgjande vert ein del av den langsigte handlingsplanen:

1. Pasienten må stå i fokus for alle tenester på alle nivå.
2. Sentralsjukehuset er viktig for å sikre spesialhelsetjenesta i Sogn og Fjordane, og det er eit viktig lokalsjukehus for store delar av befolkninga i Sogn og Fjordane.
3. Samhandling og samarbeid mellom spesialhelsetjenesta og dei kommunale helse- og omsorgstjenestene må vidareutviklast gjennom forpliktande samarbeidsavtaler mellom to likeverdige samarbeidspartar. Samarbeidsavtalene må utviklast til avtaler som gjeld den enskilde brukar / pasient.
4. Kommunane i Sogn og Fjordane er små – med små fagmiljø som er sårbare for omfattande Omstillingstiltak. Det må vere i dei statlege helseforetaka si interesse at tilhøva i den kommunale helse- og omsorgstenesta er prega av stabilitet, god kompetanse og kvalitet på tenestene. Helseføretaka må ha dette med i planlegginga si og vere merksam på at omstillingstiltak i spesialhelsetjenesta vil kunne ha negative følgjer for kommunen.
5. Det er og avgjerande for Sogn og Fjordane at ein har ei velfungerande ambulansetjeneste i Sogn og Fjordane.

Med helsing

Aud Kari Steinsland(sign)
Regionrådsleiar


Ainor Fristad
Utviklingskonsulent